
Fra: Kari Smith
Sendt: fredag 8. september 2017 11.09
Til: Postmottak Radøy
Emne: byggesak

Aufera AS skal kjøpa lokala til Manger Fiskemat i Mangersnesvegen, Gårdsnummer 44 og Bruksnummer 8.

Lokala har vore nytta til produksjon av fiskemat tidlegare, men har stått ubrukt nokre år. Aufera AS held i dag til i Mangersnesvegen 71. Me ser for oss ein del oppussing før me kan flytta inn, men utifrå økonomien vår, vil det og verta styrt av den.

Me er ei attføringsbedrift eigd av kommunane Austrheim, Fedje og Radøy. Pr i dag er me godkjend for 15 VTA-plassar. I tillegg sel me nokre plassar til eigarkommunane våre.

Me driv vaskeri, treavdeling med produksjon av ulike treprodukt og litt vaktmeisteroppdrag, og kjøkken der me produserer lefser, kaker, diverse urteprodukt m.m. Me har kantina og me har eit lite utsal av varene våre, og me har samarbeid med eit større rensari som reinsa dei tinga me sjølv ikkje kan vaska.

I utgangspunktet er det dette me vil flytta til større lokaler, då plassmangel har vore ei stor utfordring for oss over tid.

Ynskjer difor ei tilbakemelding om dette vil føra til ei bruksendring, eller om det er andre ting de meiner me må få på plass.

Høyrer gjerne frå dykk.

Med helsing

Kari Smith

Dagleg leiar Aufera AS

55602472